

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativ og tillegg:

Opprettholde fylkesrådmannen sin innstilling, samt tillegg:

Fylkestinget vedtek at minimumssatsen skal vere 1500 i staden for 3500 for å opna rabatt.»

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette på vegner av AP og SP fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget vedtek å halda fram med implementeringa av AutoPASS-regulativet for fylkesvegferjene i Hordaland i tråd med tidlegare vedtak, utan passasjerbetaling. Ordninga vert vidareført inntil evaluering i Vestland fylkeskommune. Fylkestinget ønskjer og ei samordning av innkrevinga i vestlandsfylka, og ønskjer at det vert jobba med dette i Vestlandsrådet.

2. Fylkestinget ber om at det vert gitt signal om at avgangsfrekvensen og opningstidene (oppstart /stans for dagen)vert oppretthalde som idag innafor teknisk og økonomisk tildelt ressurs.»

Tor Andre Ljosland (KRF) sette fram slikt forslag til utsetjing:

1. Fylkestinget tar saken til foreløpig orientering.
2. punkt 3 i innstillingen.

Røysting (til utsetjing)

Innstillinga fekk 0 røyster.

Ljosland sitt forslag var samrøystes vedteke.

Det vart presisert at saka er behandla med utsetjing og at den kjem opp att til behandling i fylkestinget i oktober.

Vedtak

1. Fylkestinget tar saken til foreløpig orientering.
2. For å samordna takstregulativet i flest moglege fylker, så bør denne saka takast opp på neste møte i Vestlandsrådet 21.juni, jfr diskusjonen som også pågår i Møre og Romsdal.